

## Møre og Romsdal tingrett – Informasjonsskriv til aktører i retten

Med verknad frå 26. april 2021 vert dei fire domstolane i Møre og Romsdal slått saman til Møre og Romsdal tingrett og med eit verneting. Domstolen skal drivast gjennom fire likestilte rettsstadar, i Volda, Kristiansund, Molde og Ålesund.

Den nye domstolen vert leia av ein felles sorenskrivar og administrasjon. Tilsette dommarar og sakshandsamarar skal elles halde fram med kontorstad på rettsstaden dei allereie er tilsett.

Bakgrunnen for endringane av domstolsstrukturen, er behov for større fagmiljø og kompetanseheving. Større fagmiljø skal vidare legge til rette for betre ressursutnytting i domstolane. Samtidig har den nye strukturen tatt omsyn til ønske om å oppretthalde nærleik til innbyggjarane.

Dei fire rettsstadane i Møre og Romsdal tingrett, vil saman arbeide for at vi får ein brukarorientert domstol, med fokus på god kvalitet, effektivitet og service, overfor alle aktørar og brukarar av domstolen.

Sakene skal som hovudregel fordelast til rettsstadane slik dei ville blitt fordelt før strukturendringane. Av saksnummer vil det gå fram kva for ein rettsstad saka skal gjennomførast.

Det vil i unntakstilfelle kunne vere aktuelt å overføre rettssaker mellom dei ulike rettsstadane, og det kan også vere aktuelt at dommarane tar saker utanfor sin faste kontorstad. Digital behandling av saker gjer også at monge oppgåver kan utførast uavhengig av kontorplassering.

For dei som i dag har faste oppdrag for tingrettane, skal verv vidareførast inn i Møre og Romsdal tingrett, tilknytta dei respektive rettsstadane. Til dømes vil ein som er tildelt verv som fast forsvarar eller støtteadvokat for Nordmøre tingrett, også ha denne rolla i Møre og Romsdal tingrett, men då knytta til rettsstad Kristiansund.

Postadresse for Møre og Romsdal tingrett er postboks 1354 Sentrum, 6001 Ålesund.  
Besøksadresse for dei fire rettsstadane er som tidlegare.

Vi minner om at alle våre system for sakshandsaming er ute av funksjon frå torsdag 22. april 2021 til måndag morgon 26. april 2021. Har ein praktiske spørsmål, er det berre å ta kontakt over telefon.

Nytt felles telefonnummer er 70 33 47 00.

Heimesida til Møre og Romsdal tingrett er [www.domstol.no/more-og-romsdal](http://www.domstol.no/more-og-romsdal)

Felles epostmottak : [tmorpost@domstol.no](mailto:tmorpost@domstol.no)

Sorenskrivar i Møre og Romsdal tingrett er Kirsti Høegh Bjørneset

Ålesund, 20. april 2021

Kirsti Høegh Bjørneset

Sorenskrivar